




Eit krigsherja Tyskland møtte Sven Elvestad i 1919. Her frå ei suppekø i Berlin på den tida sigerherrane skreiv Versaillestraktaten, ein traktat Elvestad karakteriserte som ein skamplett.

Dag og Tid 13/11 - 86

105155



- Faksimile av notatane til intervjuet Elvestad laga med Hitler i 1922.

Den første intervjuet

Omsider har Sven Elvestad fått ein biografi. Odd M. Syversen har med boka si «... så gikk det sann passelig skjævt» skrive ein biografi over krim-forfattern og journalisten Kristoffer Elvestad Svensen, alias Sven Elvestad, alias Stein Riverton.

Så tidleg som i 1904 opererte Sven Elvestad som reportasjefjournalist for Aftenposten og var kanskje den første reportasjefjournalisten i norsk avishistorie. Redaktøren i Aftenposten hadde sendt han til Ålesund for å dekkje den store bybrannen. Dette er berre ei av dei mange toppsakene denne mannen klarte å skape som journalist. Den største bragda er kanskje intervjuet han klarte å skaffe seg med Adolf Hitler i 1922.

REIDAR MATHISTAD

I 1919 kom Sven Elvestad til det krigsherja Tyskland. Han reiste til Berlin.

Versaillestraktaten gjorde at han engasjerte seg sterkt. Under heile den første verdenskrigen hadde Sven Elvestad halde seg utanfor debatten om krigen, men da han fekk lese innhaldet i Versaillestraktaten i 1919, vart han forbanna. Han kalla traktaten ein skamplett, og vekte harme hos mange fordi han stempla traktaten som sigerherrane sin traktat.

I juli 1919 kom han så til München. Adolf Hitler budde også i München på denne tida. Sven Elvestad var ein kjent mann på denne tida, medan Hitler var eit ukjent namn.

Grete Gulbransson, kvinna som var gift med Olaf Gulbransson og forelska seg i Sven Elvestad, sa ein dag til Sven Elvestad at han måtte treffe Ernst Röhm.

Sven Elvestad vart med til ein kafe der Röhm og venene hans sat i ivrig politisk diskusjon. Han hørte på debatten. Da Grete Gulbransson spurte kva han meinte om diskusjonen, svarte Elvestad slik:

«Den mannen...han skal vi få høre om i tida som kjem.»

Grete spurde om det var Röhm han meinte, men Elvestad svarte:

«Jeg tenker ikke først og fremst på han. Den lille. Han med barten. Adolf Hitler.»


Seinare same året tok Sven

Elvestad med seg to svenske vener til ei Bierstube like ved Frauenkirche, Bratwurst-Glücklein. Medan dei sat der, peika Sven Elvestad på ei gruppe menneske som sat og diskuterte politikk.

«De som sitter der, de menneskene - og hør na nøye etter hva jeg sier - de kommer en gang til å skape verdenshistorie.»

Slik møtte Sven Elvestad, alias Stein Riverton, Adolf Hitler. Mange har spekulert over om Elvestad var fascist. Utan omsyn til om dei har rett eller ikkje: Det var ein framsynt journalist som sa tidleg kunne peike ut den framtidige leiaren for fascistane i Tyskland. Framsynt var han også den dagen han i 1922 klarte å få eit intervju med Adolf Hitler.

Sven Elvestad reiste til Tyskland i 1922. I perioden fram til 1924 skreiv han ei rekkje med artiklar om framveksten av fascismen. Artiklane vart trykt i Politiken i Aftenposten og Tidens Tegn. Han var heller ikkje i tvil da Hitler vart arrestert. Mannen ville komme attende til den politiske arenaen. Elvestad karakteriserte også den politiske rørsla slik på denne tida: «Et Hitlerdiktatur vil ha tilfølge frafald av tropperne, oppløsning, dødstrøt mot Berlin, borgerkrig, mord og elendighet, en massegrav for tysk ungdom, fransk indmarsch og det tyske rikets undergang.»



Sven Elvestad teikna av Olav Engebrigtsen.

- Denne mannen kjem til å skape verdshistorie, sa Elvestad så tidleg som i 1919. Tre år etter skreiv han at det ville bli undergangen for det tyske riket om denne mannen kom til makta.

Staatsform ist
Rebensache -
Inhalt ist alles
→ Selbstbestimmungs
Recht der Völker
Wir was hatten
da mich denn?

te som Hitler



Det var på denne tida at Sven Elvestad klarte det utrulege. Hitler gav ikkje intervju, han nekta jamvel folk å ta bilde av seg. Gjennom andre klarte Sven Elvestad likevel å få eit intervju. - Sannsynligvis var Sven Elvestad den første journalist som intervjuet den kommende diktator, skriv Odd M. Syversen.

«Hans sprog er til det yderste voldsomt og hele hans optræden præget af skrupellos hensynsløshed,» skreiv Elvestad om Adolf Hitler på agitasjonsmøte. «Naar hans spændstige skikkelse viser sig i forsamlingen, gjenkjendes han øieblikkelig av alle og hele den store menneskemasse er momentant bevæget av en elektriserende entusiasme. Den upartiske lagttager maa uten refleksjoner konstatere dette faenomen.»

Etter møtet og intervjuet med Hitler, vart biletet tydelegare:

«Han er midt i trediveerne, en muskuløs idrætsskikkelse. Livfulde øine, - man blir straks opmærksom på disse funkende øine- maaske derfor, at de staar lidt ut af hodet; han har et træk ved munden som tyder paa brutalitet. - Hans ydre optræden er til det yderste korrekt, men uten venlighed.»

Med løyve frå forlaget tek vi med intervjuet som Sven Elvestad hadde med Adolf Hitler i 1922.

(5. utgåve 1922)

Intervjuet:

- Er Deres maal det samme som Mussolinis, nemlig opprettelse av en diktatorisk regjering og avskaffelse av parlamentarismen?

- Bevegelsens maal er Maxismens tilintetgjørelse.

- Anser De den kommunistiske fare for saa truende, at det er nødvendig at foreta ekstraordinære handlinger?

- Javisst.

- I hvilke kredse søker De Deres støtte væsentlig, i officerskredse, blandt bønder, i arbeiderkredse?

- I alle lag av befolkningen. 60 procent av mine tilhængere er arbeidere. Deriblandt mange tidligere kommunister. Folk fra det yderste venstre kommer i masse over til mig.

- Tror De at De kunne naa maalet ad ordinær vei, for eksempel gjennom valg?

- Det vil tiden vise, den tid som staar til vor raadighet.

Situationen kan selvfølgelig utvikle sig dithen, at en hurtig indgripen nødvendiggjøres.

- Under hvilke omstændigheder vil en saadan situation indtræde?

- Hvert øieblik som helst under Tysklands videre bolsjevisering.

- Mener De, at De nu er sterk nok til at være situationens herre for eksempel under et kommunistforsøk?

- Vi skal slaas saa faar vi se. - Tror De kommunisternes sjanser blir større eftersom tiden gaar?

- Det er mulig.

- Holder De borgerkrigens utbrud for sandsynlig i den nærmeste fremtid, hvis de politiske organisationer fortsætter med at forsterke sine værne tropper - De paa Deres side og kommunisterne paa sin?

- Da to verdensanskuelser i

længden ikke kan eksistere ved siden av hinanden, maa avgjørelsens dag en gang komme.

- Er den tyske arbeiderungdom overveiende revolutionær (kommunistisk) sindet?

- Man forsøker at opdrage den kommunistisk. Især i Mellem-Tyskland. Sachsen fremfor alt. Der blir alt gjort kommunistisk, endog juletræet.

- Har Ruhrbegivenheten gjort arbeiderungdommen mer national?

- Førerne av den internasjonale Marxisme er like uforberdige som før; men arbeiderne er delvis i ferd med at helbredes.

- Er Deres bestræbelser indskrænket til Bayern eller omfatter de hele riket?

- Min bevægelse er en stor tysk bevægelse.

- Søker De forbindelse med

andre nationale organisationer?

- Ja, hvis nødvendig.

- Ogsaa med dem som nu er forbudt?

- Med organisationer som ikke eksisterer kan man ikke knytte samarbeide.

- Vil De for Deres vedkommende finde Dem i et oppløsningsdekret?

- Vi bli ikke oppløst.

- Er Deres bevægelse utelukkende monarkisk?

- Statsform er en bisak. Indholdet alt.

- Hvilke er Deres utenrikspolitiske maal?

- Folkenes selvbestemmelsesret.

- Hvis Deres bevægelse seirer, er De da beredt til personlig at overta den ansvarlige ledelse?

- Fur was hatten Sie mich denn?